Førsteblad

1.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. ~~xx~~

Fylke: Sogn og Fj.

Tilleggsspørsmålnr. 6

Herad: Leikanger

Emne: Folkelege musikinstrument

Bygdelag: Fresvik

Oppskr. av: Hans O. Hov

Gard: Hov

(adresse): Fresvik

G.nr. 49 Br.nr. 11

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Ein kjenner til at lurar var rulla saman av furebork med eit svøyp utanpå av tunn never og omrøyrd med bjørketåg d.e. granne røter av bjørk. Noko lydskapande utstyr var ikkje brukt.

2 Ein kjenner ikkje til ordi halme eller hardpipe som namn på lur eller anna slag instrument.

3 Av rangler som er nemnt har ein ikkje kjennskap til her.

4 Det var ómse måtar ein kunde få fram knall og smell på. Ein kunde smella eit blad i handi ved at ein krøkte sleikepotten inn til tomastotten på den eine handi, la so eit blad over opningi og slog so til med flat hand og kunde soleis med luftkrøkke slå hol i blade og få fram ein smell. Blåklokker og „smellegras" fekk ein til å smella ~~xxx~~ når ein med eine handi tok over övre delen av blomsterkruna so ein stengde lufti inne og slo den mot den andre handi.

Dette kunde gjerast berre om sumaren.
Ein kunde få fram smell ved å leggja
ei fyrstikka på ambolten og slå til.
Nateskal i elden og svepesmell er vel
kjendt, sameleis ein pose fyllt med
luft. Nokon nemningar om dette har
ein ikkje.
Når det gjeld skjoting med gevær, ka=
noner eller dynamitt ved festlege høve
so har det vore brukt i lange tider.
Når ein gut og ei gjenta var trulova
vart det halde „belamaol".
Ungdomane samla seg, om kvelden
eller natti, der dei bor beldt til og
fyrte av nokre skot, so vart det ram=
ling med (?) kjöller og til slutt nokre
skot på nytt. Trulovingi vart kunngjord
på denne måten.
Ved brudlaup vart det skote med kano=
ner eller dynamitt når brurfolki gjekk
åt kyrkja og sameleis når dei kom
ut att. Ved inngangen til nytt år
har det til vanleg vorte „salutert".
Ein veit ikkje noko om, at denne
skjotingi skulde vera noko vern mot
vonde makter, eller at det skulde
gje lukka.
5 Høyrde ein serlege ulydar i mörkre
kunde det tyda dødsfall eller ulukka.

Fresvik i april 1952

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

7058

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

I samarbeid med
KULTURGEOGRAFISK REGISTRERING
PÅ VESTLANDET

I Deres svar på spörreliste nr. 6
" Folkelege musikkinstrument" nevner De dette
instrument:

<u>Lur av furebork med eit svöyp utanpå av tunn never
og omröyrd med björketog.</u>

For å få klarlagt enkelte spörsmål,og også få
tatt et foto av nevnte instrument för det blir
ödelagt,ville vi være meget takknemlig om De
hadde anledning til å skaffe oss et eksemplar.
Dersom De har utlegg vennligst gi opplysning om
det så skal det bli refundert.Portoen vil i alle
tilfelle bli refundert.

Det var vår heimelsmann som kunne fortelja om
„Lur av furebork" han hadde det frå ein huslyd
på Frönningen frå ein fjellgard der. Desse folki
er for lenge sidan komne i gravi og etterkomarane
er alle utflytte so ein må rekna med at vedkom-
ande lur ikkje er til meir, men eg tvilar ikkje
på at meldingi er rett.

Fresvik i juli 1955

Hans O. Hov

10964

1.50
bet. 5/9-55